

Yvonne og Ola Johannes Jordal v/  
Kåre Jordal  
Klokkearstien 21,  
5911 Alversund.

Lindås kommune postmottak,  
Kvernhusmyrane 20,  
5914 Isdalstø.



Alversund 6.april 2016.04.06

**Klage på avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av ny kai og landgang-  
gnr.137, bnr.7 Tveiten nedre.**

Ved skriv dagsett 22.3.2016 har me fått melding om at vår søknad av 23.12.2015 vert avslått. Vedtaket vert med dette påklaga og med slik grunngjeving:

1. Bakgrunnen for søknaden er at der det vart gitt løyve til å føra opp kai ved førre dispensasjonssøknad, er dårlegare tilflot for motorbåt og ikkje tilflot for seglbåt enn der det er søkt om no. Tilkomsten til denne staden som og vert nytta til feste for fortøyningar er vanskeleg og ein lett anlagt gangveg og kai vil gjera dette området tenlegare og vår bruk av sjøområdet mykje forbetra.
2. Me vil og visa til at det i seinare tid er ført opp fleire og til dels meir omfattande anlegg på liknande strandareal i Alversundet, både for fritidsbruk og fast busetnad.. Etter vårt syn er desse ikkje skjemmaende for dei sjøfarande gjennom sundet, men tvert imot viser at her framleis er ein aktiv sjøkultur. Vårt område ligg innafør den utbygte delen av Alversundet, like overfor ligg Kraftlagsholmen med store kaianlegg som no er godt nytta av friluftslivet heile året. Me er einige i måletom av å halda inngrepa i naturmiljøet på eit lågt nivå, men me har og lyst til å visa fram på ein fin måte at det er god aktivitet i strandsona vår. Viser her og til at kystverket ikkje har merknad til søknaden
3. Anlegget vil etter vår meining gli inn som ein naturleg del av den alt no utnytta strandlinja vår med båtar, fortøyningar og aktivitet med fising m.m. Endringane vil vera svært små.. Anlegget vil visast , men vil etter vårt syn ikkje vera dominerande og vil verta behandla slik at det glir fint inn i naturfargane her. Anlegget vil auka tilgjengeleg areal i ei strandlinje som elles er bratt og utilgjengeleg og som no ikkje vert eller kan nyttast av andre.
4. Sjøområdet og livet i dette har vore og er ein viktig del av vårt bu- og livsmiljø. Anlegget vil vera positivt for vår bruk her og letta våre gjeremål. Me er ikkje i stand til å sjå at det inneber negative følgjer korkje for dei sjøfarande sine opplevingar eller friluftslivet elles. Etter vårt syn er føremonene ved tiltaket store for søkjar og ulempene for allmenne omsyn svært små og me vonar at ei ny vurdering vil gje støtte for at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylte.

Med venleg helsing

Yvonne og Ola Johannes Jordal v/Kåre Jordal